



■ referat

Evalueringsmøte om Mannen (Veslemannen) Til stades: Sjø vedlagt deltakarliste

Fråvær:

Stad og tid: Åndalsnes, 21.01.2015

Innleiing

v/ Lodve Solholm

Det er viktig å evaluere større hendingar. Ikkje minst denne hendinga – som ikkje er avslutta. Vi må rekne med at Veslemannen igjen kjem i rørsle, og då må vi ta med oss det vi har lært frå i haust.

Eigenevaluering er viktig, men fokus i dag er på samhandlinga. Det vi har lært av Veslemannen vil vi oppleve mykje sterkare dersom dei store fjellskreda begynner å røre på seg.

Hovudsporet for oppfølging av denne hendinga er gjennom det pågåande arbeidet med revisjon av fjellskredberedskapsplanverket i Møre og Romsdal.

Kva gjorde Rauma kommune?

v/ Lars Olav Hustad og Ole Kjell Talberg

Kommunen er generelt sett fornøgd med eiga handtering av hendinga, men var ikkje førebudd på medietrykket som kom. Kommunen erfarte også kor viktig det er med rolleavklaringar opp mot nære samarbeidspartnarar, i dette tilfellet politiet, ÅTB og NVE.

Kommunen hadde akkurat tilsett kommunikasjonsrådgivar som vart ein viktig ressurs i handteringa. Likevel; medietrykket var enormt, spesielt mot ordførar og ansvarleg geolog. Rutinar kom etter kvart på plass, og det vart gjennomført pressebriefar til faste tider – kvar tredje time. Var dette for ofte? Pressebriefane vart gjennomførte i same rom som kriseleiinga brukte, noko som ikkje var heldig. Etter kvart vart dei flytta til gangen utanfor. I samsvar med kommunen sin beredskapsplan skulle pressebriefar vore gjennomførte i kommunestyresalen, og i ettertid ser ein at planverket burde vore følgt. Frå kommunen var det berre ordførar og kommunikasjonsrådgjevar som uttalte seg til media.

Mediehandtering oppsummert:

- ✓ Ta styring. Bruk pressemeldingar med kontaktinformasjon. Etabler faste informasjonskanalar: nettstad/FB/Twitter. Lag arbeidsro for dei som står i situasjonen, ha tidsplan for pressemøte. Gi media informasjon (sms), og eigna arbeidsrom.
- ✓ Stor belastning over tid, folk vart slitne. Lag interne vaktordningar med rullering.
- ✓ Etabler mediesenter med avstand til kriseleiinga.

Kommunen hadde ikkje befolkningsvarslingssystem, men fekk under hendinga etablert eit enkelt system for sms-varsling. Det vart sendt ut gruppe-sms til berørte og media. Dette letta kommunen sitt arbeid med informasjonsdeling og både berørte og media har gitt gode tilbakemeldingar.

Hendinga vart registrert og følgt opp i CIM. Dette sikra god dokumentasjon både undervegs og i ettertid.

Kommunen opplevde telefonmøta i fylkesberedskapsrådet som nyttige for å sikre felles situasjonsbilde.

Kommunen si viktigaste oppgåve var å støtte dei som vart berørte av hendinga og prøvde å vere proaktive både med informasjon og hjelpetiltak. Ordførar tok tidleg kontakt og orienterte om situasjonen som var i ferd med å oppstå. Berørte vart informerte før media og personleg kontakt vart vektlagt. Dei berørte fekk ein fast kontaktperson i kommunen og dei berørte valte ein kontaktperson som kommunen hadde jamn dialog med.

Avklaringar opp mot forsikringsselskap har vore utfordrande, og det er enno uklart kva dei berørte får dekt. Det har vore møte med aktuelle forsikringsaktørar der berørte kunne stille spørsmål. Forsikringsmessige forhold er særleg utfordrande når ein skade eigentleg ikkje har skjedd.

Kva gjorde politiet?

v/ Thorry Aakenes

Hendinga kan på ein måte oppsummerast som ei stor, langvarig og nyttig øving – i lågt tempo, utan tidspress og med tid til rådslaging. Det er viktig å evaluere og ta med seg læring frå slike hendingar.

Politidistriktet sette stab og operasjonen vart leia frå Kristiansund. Det praktiske vart handtert av politiet lokalt i Rauma. Det var ein avgjerande suksessfaktor å kunne spele på eit «nærpoliti» med god lokalkunnskap og tett dialog med kommunen og fagekspertisen i ÅTB.

Den formelle og praktiske tilnærminga til evakueringa og stenging av jernbanen var krevjande. Det var vanskeleg å finne rette omgrep i den aktuelle situasjonen. Innleiingsvis var ikkje risikoen akutt. Skulle ein oppmode til å flytte, eller beordre evakuering? Beordring vart ikkje nødvendig. Dei berørte flytta ut etter politiet si oppmoding, og då alle var ute vart det fastsett eit opphald og ferdselsforbod. Dette var ei nyttig erfaring som framfor alt viser at tett kontakt, dialog og felles forståing med fagekspertise og berørte er viktig. Dette gjeld særskilt i overgangane mellom ulike fasar. I dette tilfellet: når hendinga oppstod, når evakuering vart iverksett og når evakuering vart oppheva.

Politiet opplevde telefonmøta i fylkesberedskapsrådet som viktige for å sikre felles situasjonsbilde. Lokalt var Sivilforsvaret avgjerande for å kunne gjennomføre og oppretthalde politiet sine tiltak.

Dei evakuerte sine erfaringar

v/ Gunn Walstad Sogge

Gunn Walstad Sogge delte ei sterk og personleg historie om korleis det har vore å stå midt i hendinga – å ufrivillig verte kasta inn i ein situasjon som ingen hadde sett føre seg og ingen var førebudd på. Det var krevjande å handtere både den akutte situasjonen med evakuering og medieeksponering, men vel så

krevjande er uvissa knytt til langtidsperspektivet. Kva skjer til våren? Og kva skjer endå lenger fram i tid? Kan ein kan verte buande, kan ein vidareføre og vidareutvikle gardsdrifta og alle spørsmåla om forsikring, erstatning og økonomi generelt.

Det er viktig at beredskapsaktørane er merksame på dei direkte berørte sine behov. Dei direkte berørte i denne hendinga er fornøgde med den oppfølginga dei har fått frå kommunen. Både med omsyn til skjerming frå media, informasjon og praktisk hjelp.

Geologisk hendingsforløp og geofagleg handtering

v/ Lars Harald Blikra

Når det gjeld gjennomgangen av det geologiske hendingsforløpet viser vi til den vedlagte presentasjonen og til dei geofaglege rapportane som er skrive om hendinga.

Handteringa av hendinga gav ÅTB (som frå årsskiftet gjekk inn i NVE) mange nyttige erfaringar. Tett samhandling med politiet og lokal kriseleiiing er viktig. Det same er tett dialog med direkte berørte. Det er avgjerande at fagekspertisen har tillit hos desse.

Det enorme medietrykket viser at det er behov for betre struktur på fagekspertisen sin kontakt med media og det er behov for lokale der ein kan arbeide skjerna. Det er også behov for førehandsprodusert informasjon om fjellskred, fjellskredovervaking og fjellskredberedskap.

Det er eit generelt behov for revisjon av planverk på alle nivå. Dette gjeld også ordningar som sikrar tilgang til geologar og teknisk personell til å handtere langvarige og komplekse situasjonar. Til framtidige situasjonar trengst det også teknisk utstyr på lager.

Fylkesmannen sine erfaringar

v/ Ketil Matvik Foldal

Sjølve hendinga vart handtert og samordna lokalt – i og rundt kommunal kriseleiiing. Fylkesmannen si primæroppgåve var samordning og situasjonsbildebygging for det regionale kollektivet som var involvert og situasjonsrapportering til nasjonalt nivå.

Fylkesmannen gjennomførte fem telefonmøte i fylkesberedskapsrådet.

Fylkesmannen meiner at den grunnleggande rolle- og nivådelinga var rett, at sjølve hendinga vart handtert og samordna lokalt og at fylkesberedskapsrådet vart brukt til å fylla ut situasjonsbildet for dei aktørane som hadde mindre roller. Her må det likevel presiserast at denne rolle- og nivådelinga bygde på at heile hendinga var avgrensa til ein kommune. Ved eit tilsvarande scenario med Åkneset, måtte større deler av samordninga flyttast opp til regionalt nivå.

Planverket som finst for store fjellskred var til stor nytte under handteringa av Veslemannen. Like sikkert er det at handteringa av Veslemannen blir viktige erfaringar å ta med seg i vidareutviklinga av beredskapsplanverket for fjellskred.

NVE sine erfaringar

v/ Kari Øvreid

NVE deltok under hendinga som statleg fagstyresmakt for skred og frå 01.01.2015 vart også ÅTB innlemma i NVE.

Regionsjefen i region vest etablerte kontakt med ÅTB og fylkesmannen 22. oktober, og dagen etter etablerte NVE beredskap med løpande rapportering til OED. Regionsjefen oppretta 25. oktober kontakt med Rauma kommune og reiste til Åndalsnes same dag. Frå måndag 27. oktober måtte regionsjefen også handtere flaumen lenger sør på Vestlandet. Frå 30. oktober reduserte NVE beredskapsnivået til «Økt årvåkenhet», og regionsjefen frå region midt tok over og var til stades på Åndalsnes til 6. november.

NVE sine vurderingar:

- Hendinga vart godt handtert av alle deltakande partar.
- Særskilt godt arbeid i ÅTB og kommunen sin innsats overfor dei evakuerte.
- Møte i fylkesberedskapsrådet via telefon fungerte godt.
- Viktig grunnlag for vidare arbeid med Nasjonal beredskapsplan for fjellskred og objektplanane for dei overvaka fjellskreda
- NVE vil særskilt legge vekt på å førebu omfanget av merksemd i media.
- Det er viktig å tidleg avklare kva beredskapsplan ein følgjer og rollene dei ulike aktørane har.

Sivilforsvaret sine erfaringar

v/ Eva Kristin Strømskag og Jan Birger Kavli

Sivilforsvaret deltok med totalt 75 tenestepliktige og tilsette i perioden frå 25. oktober til 10. november. Tre personar var i kontinuerleg teneste. Hovudoppdraget var å handheve opphald- og ferdselsforbodet, observere og rettleie publikum. Sivilforsvaret deltok også i samband med flytting av dyr.

Sivilforsvaret har stor kapasitet til denne typen oppdrag, og dei erfarte også at både mannskap og arbeidsgjevarar er positive til å stille opp. Sivilforsvaret opplevde god dialog med rekvirent (politiet) og andre samarbeidspartnarar.

Jernbaneverket sine erfaringar

v/ Bård Vagnild

Hendinga fekk store konsekvensar for Raumabanen, spesielt for godstransporten, og Jernbaneverket er spent på kva som skjer framover – både med omsyn til eventuell ny stenging og langtidseffektar for godstransporten.

Til komande situasjonar ønskjer Jernbaneverket å bli koplå tidlegare og tettare på situasjonen, for eksempel gjennom fylkesberedskapsrådet. Når Jernbaneverket etter kvart «kom på banen», var telefonmøta og møtereferata frå fylkesberedskapsrådet til god nytte. Dialogen med politi og geolog når banen skulle opnast var viktig for å få informasjon frå fagetatane.

Statens vegvesen sine erfaringar

v/ Ole Jan Tønnesen

Statens vegvesen var i liten grad involvert. Vegen låg utanfor faresona, og tiltak utover kortvarig stenging som følgje av støvsky var rekna som lite aktuelt. Situasjonsbildet hadde vore heilt annleis dersom vegen var innanfor faresona.

For Statens vegvesen vart derfor hendinga først og fremst ei god øving. Samhandling og rolleavklaring er viktig, og Statens vegvesen meiner at telefonmøte i fylkesberedskapsrådet er ein god arena for dette.

NRK sine erfaringar

v/ Kjell Myklebust

NRK har ei todelt rolle, som vanleg mediehus men også som organ for styresmaktene i krisesituasjonar.

Hendinga vekte stor medieinteresse, og denne vart eskalert av intern konkurranse mellom medieverksemdene. Men det vart også samarbeida godt, blant anna om streamingtenester. NRK var fornøgd med måten det vart tilrettelagt for media.

Oppsummering og vidare oppfølging

v/ Lodve Solholm

Hendinga og erfaringane som er delte viser at samhandling er avgjerande for å lukkast. Og for å samhandle godt, må oppgåvefordeling og roller vere tydelege og avklarte.

Hendingane og erfaringane viser at mediehandteringa fort blir den største og mest krevjande delen av krisehandteringa. Slik er det, og det må alle forhalde seg til. For å stå betre rusta til neste fjellskredhending, bør det utarbeidast ein mediestrategi og informasjonsberedskapsplan. Dette arbeidet er iverksett av arbeidsgruppa som reviderer fjellskredberedskapsplanane i Møre og Romsdal.

I alle krisesituasjonar er det direkte berørte. Beredskapsstyresmaktene skal alltid ha særskilt merksemd mot desse. Rutinar og verktøy for varsling og informasjonsformidling til berørte er viktig. Både denne hendinga og tidlegare hendingar viser at sms-verktøy er svært effektive.

Telefonmøta i fylkesberedskapsrådet var nyttige og effektive. Her har vi funne ei god form for informasjonsdeling, bygging av felles situasjonsforståing og diskusjon av samhandling.

Hovudsporet for oppfølging av læringspunkta er gjennom det pågåande arbeidet med revisjon nasjonal beredskapsplan for fjellskred og fjellskredberedskapsplanverket for fjellskreda i Møre og Romsdal.

26. og 27. august 2015 blir det arrangert eit fagseminar om fjellskred. Seminaret er lagt til Geiranger. Målet er at både nasjonal beredskapsplan for fjellskred og reviderte objektplanar (inkludert informasjonsberedskapsplan) for Mannen, Heggura og Åkneset skal vere ferdige til dess.

I det litt lengre perspektivet er det viktig at det blir starta planlegging av ei ny storøving med

fjellskredscenario. Veslemannen var på mange måtar ei nyttig øving, også på den måten at behovet for god samhandling vart veldig tydeleg. Derfor er det starta planlegging av ei større samhandlingsøving der scenarioet tek utgangspunkt i skred frå Åkneset.

[Etter møtet 21. januar er det høgst tentativt skissert at «Øving Åknes 2016» blir arrangert over ein eller to dagar mellom 6. og 8. september 2016. Fylkesmannen i Møre og Romsdal vil ta nødvendige initiativ til å starte øvingsplanlegginga, og vi vil søkje å skape ein brei allianse på arrangørsida. Øvingsutvalet for Sunnmøre politidistrikt vil vere eit viktig forum. Ei skisse for planlegging og gjennomføring av «Øving Åknes 2016» blir presentert på fagseminaret i Geiranger 26.-27. august i år.]

Deltakarar

Arnt Olav Herjehagen	Rauma kommune	Kåre Pedersen	Kåfjord kommune
Lars Olav Hustad	Rauma kommune	Svein O. Leiros	Kåfjord kommune
Ole Kjell Talberg	Rauma kommune	Bjørn Inge Ruset	Norddal kommune
Gunn Walstad Sogge	Innbyggjar	Evelyn Omenås	Stranda kommune
Andreas Hustad	Rauma lensmannskontor	Jan Ove Tryggestad	Stranda kommune
Vebjørn Bale	Rauma lensmannskontor	Steinar Belsby	Stranda kommune
Arnstein Nilssen	Nordmøre og Romsdal politidistrikt	Petter Lyshol	Sykkylven kommune
Thorry Aakenes	Nordmøre og Romsdal politidistrikt	Torill Skjeret	Sykkylven kommune
Lars Harald Blikra	NVE	Ingvar Bøen	Sunnmøre politidistrikt
Bright Samdal	NVE	Ingmar Farstad	Sunnmøre politidistrikt
Kari Øvrelid	NVE	John Kåre Flo	Sunnmøre politidistrikt
Bård Vagnild	Jernbaneverket	Magne Tjønnøy	Sunnmøre politidistrikt
Knut Nauste	Statens vegvesen	Per Martin Bjartan	Sunnmøre Politidistrikt
Ole Jan Tønnesen	Statens vegvesen	Aud Lindis Ødegaard	Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Petter Dahle	Kyrkja	Helge Mogstad	Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Jan Birger Kavli	Møre og Romsdal sivilforsvarsdistrikt	Ketil Matvik Foldal	Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Eva Kristin Strømskag	Møre og Romsdal sivilforsvarsdistrikt	Lodve Solholm	Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Per Olav Vaagland	Møre og Fjordane heimevernsdistrikt	Renate Frøyen	Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Kjell Myklebust	NRK Møre og Romsdal		

Vedlegg

Til referatet høyrer det tre lysarkpresentasjonar:

- [2015.01.21. Evalueringssmøte om Mannen. Lysark Rauma kommune](#)
- [2015.01.21. Evalueringssmøte om Mannen. Lysark NVE](#)
- [2015.01.21. Evalueringssmøte om Mannen. Lysark Sivilforsvaret](#)

Lysarka er tilgjengelege på Fylkesmannen i Møre og Romsdal sin nettstad. Under hovudmenyen samfunnstryggleik og beredskap, gjennomførte aktivitetar.